

ÅRSMELDING FOR ØRSKOG HISTORIELAG ÅR: 2023



50 år tilbake

Her er frå eit av dei mange terrengløpa på Ryssebøen ca 1973. Vi ser Asbjørn Søvik med stoppeklokka og Kjell-Åge Vederhus vedsidan av. Mindor Røstad er på venstre sida av Asbjørn og Ivar Larsen bak. Oddfrid Bell er også å sjå. Kjell Ove Abelseth heil til venstre i bilete med kvit genser, så står Rune Os vedsidan av med hendene på hofta. Per Gillebo spring vedsidan av Svein Kjersem. Bak ser vi frå venstre Kathrine Hatlen, Bjørg Nakken, Janne Eide og Kari Nerås. men her må vi få hjelp med resten (Frå Eldbjørg Ringseth Stensli si fotosamling. Registrert av Siv Krokfoss for Øraskog Historielag).



Bilde frå Ørskog Historielag si fotosamling. Fykesfotoarkivet Møre og Romsdal 2023

Kvar sommar førte ho Johanne "Jonna" Ringseth f. Sjøholtstrand (1884-1975) og han Lars Ringseth (1879-1952) buskapanen sin frå løa på Lennsmansgarden og opp til selet som en gang tilhøyde Sjøholt- garden på Sjøholt-setra. Sonen deira, Ole Ringseth har tatt dette bilete av dei,



Paktarhuset under renovering – bilete frå 2022.



Å R S M E L D I N G

Ø R S K O G H I S T O R I E L A G

Å R : 2 0 2 3

ØRSKOG HISTORIELAG vart stifta 16. april i 1985. Vi noterer 38 år i 2023.

§1 i laget sine lover lyder:

Ørskog Historielag har til føremål å ta vare på kunnskapen om fortida til dei bygdene som ligg i Ørskog kommune, og arbeide for at folk kan få del i denne kunnskapen.

Dette kan gjerast ved:

a. å samle inn folkeminne og anna tradisjonstilfang.

c. å spreie desse opplysningane ved å gje ut bøker og tidsskrift, eller halde kurs og foredrag.

Lovene til Ørskog historielag vert endra på årsmøtet 2024 – 5. mars.

ÅRSMØTET i Ørskog Historielag vart halde på Ørskog Kulturhus tysdag 7. mars 2023. 19 personar var til stades. Innkalling og sakliste vart godkjende. Møteleiing og skrivar vart valde. Årsmeldinga for 2022 inkl. meldingar frå nemndene, og rekneskapen for 2022 vart godkjende med mindre endringar. Rekneskapen viste eit underskot på 234.739 kr. Dette grunna store vedlikehaldskostnaader. Underskotet er dekt opp med lån i Ørskog Sparebank. Kontingenten for 2024 vart auka frå 350 kr til 400 kr pr år.

Flott arbeid i nemndene, der leiarane ga oss innblikk i sine årsmeldingar. Budsjett for 2023 vart vedteke. Vala vart gjort i samsvar med framlegg frå valnemnda med mindre endringar/tillegg. Valnemnd for årsmøtet 2023 var: Grethe Leikny Gjerde, Karin Årdal og Svanhild Hjelle. Valnemnd for årsmøtet 2024: Grethe L. Gjerde 2 år, Karin Årdal 2 år og Svanhild Hjelle 1 år. Arbeidsoppgåver for år 2023 vart drøfta, og ulike prosjekt vart prioriterte. Nokre saker vart vedtekne å handsame på årsmøtet i 2024 - lovendringar – ærespris – namneendring? Kaffi/te og god kake undervegs i møtet.

Etter vala på årsmøtet og konstituering i styremøte 20 april, har styret vore samansett slik:

Styret:

- | | |
|------------------------|-------------|
| - Ragnar Bakken | leiar |
| - Oddbjørn Hjelle | nestleiar |
| - Mette Cecilie Loe | skrivar |
| - Karin Eide | kasserar |
| - Karen Simonnes Aanes | styremedlem |

- Nils P. Sjøholt - 1 varamedlem
- Reidun Davik – 2..varamedlem
- Karin Årdal - 3.varamedlem

Nemnder/utval knytta til arbeidet i laget:

- Teknisk utval: 6 medlemmer – leiar Torstein Davik.
- Skriftnemnda: 6 medlemmer – leiar Bjørn Steinar Skarbø.
- Paktarhusnemnda: 6 medlemmer – leiar Ove Eide.
- Fotoregistrering: 6 medlemmer – leiar Siv Krokfoss.
- Postveg nemnda: 6 medlemmer – leiar Runa Klock.
- Kalenderkomite for 2024 Åse Karin Gjære – Birte Sæterbø. Vara: Jorunn Giskemo
- Revisorar: Kjellrun Tomren – Ola Brautehaug.
- Valnemnd for 2023/24: Grethe Leikny Gjerde—Karin Årdal – Svanhild Hjelle.

STYRET.

Styret har i meldingsåret (frå årsmøte til årsmøte) hatt 7 – SJU (sju i 2022) møte:
 22. april – 23. mai – 22. august - 26. september – 28. november – 23. januar – 27. februar.
 Styret har handsama 113 (96 i 2022) protokollerte saker.
 Medlemstalet i 2023 338 (332 i 2022) inkl. tre verksemder – jf. årboka for 2023.
 Medlemsverving rett før jul 2023 ga 10 nye medlemmer! Nokre få utmelde.
 Medlemstal 31.12.23: Auka til **348 pr 01.01.24.**
 Styret og nemnder har saman prioritert oppgåver ut frå m.a. drøftingane på årsmøtet.

Frå styreprotokollen tek vi med dei fleste av sakene som har vore til handsaming:

- ✓ Konstituering av styret for 2023
- ✓ Fellesmøte med nemnder/utval – førebuing - arbeidsoppgåver – prioritering oppgåver.
- ✓ Olav Oksvik stiftinga.
- ✓ Godkjenning av møtebøker.
- ✓ Etterbestilling av årsskrift/årbøker.
- ✓ Ørskog gjennom tidene ættebok – allmennsoga. Gjere noko?
- ✓ Budsjet 2023 – økonomi årbok 2023.
- ✓ Saker under arbeid – på dei fleste møta.
- ✓ Nytt frå nemndene på alle møte.
- ✓ Møtetidspunkt styret.
- ✓ Smia – gjennomføring av renovering.
- ✓ Kveldsetene 2023 – tema – fordeling av oppgåver – gjennomføring.
- ✓ Ørskogkalenderen – samarbeid med Ørskog Rotary. Kalender for 2024.
- ✓ Paktarhuset – vedlikehaldsarbeid/måling – rydding – arkivering - økonomi m.m.
- ✓ Sætrevandring – Visetsætra.
- ✓ Søknader om støtte – smia – Paktarhus – Postveg.
Byste Olav Oksvik – eiga nemnd under stiftinga.
- ✓ Lån – Ørskog sparebank.
- ✓ Nettside arbeid med fornying. Ny side på plass – bruken av sida.
- ✓ Stabbur Sjøholt folkehøgskole. Renovering
- ✓ Kveldseter 2024 – årsplan.
- ✓ Retningslinjer mm ØH revidering
- ✓ Medlemsverving. Liten auke i medlemstal!
- ✓ Postvegen. Orienteringar. Vedlikehald. Arbeidet med å få vedteke namn/skilting mm.
- ✓ Nemndleiarane har teke del på styremøta.

- ✓ Søknader – utbetalinger og liknande.
 - ✓ Økonomirapportar på alle styremøte.
 - ✓ Årbok 2023.
 - ✓ Førlulssal av årboka - medlemsverving m.m.
 - ✓ Årsmøte 2024 – førebuing.
 - ✓ Årbok og kalender – utsending.
 - ✓ Gåve frå Ørskog Sparebank Jf. rekneskap 2023.
 - ✓ Gåver – laget får jamt tilbod om å ta vare på gjenstandar m.m. Registreringsarbeid.
 - ✓ Ei rekkje skriv og meldingar og førespurnader.
 - ✓ En del av sakene ovanfor har gått igjen på fleire møte.
-
- ✓ ***Orienteringar og drøftingar i styret om arbeidet i nemndene – der vi tek med:***
 - ✓ Årbok for 2023
 - ✓ Fotoregistreringsarbeidet – registrering av gamle bilete. God framdrift.
 - ✓ Arkivering- og registreringsarbeidet.
 - ✓ Postvegen – jf. eiga nemnd. Vedlikehald.
 - ✓ Paktarhuset – mykje godt arbeid.
 - ✓ Oppgåver for/frå teknisk utval. Planlegging/gjennomføring av renovering stabbur Folkehøgskolen og smia Prestegarden..

Kveldseter/bygdevandring.

Styret har hatt hovudansvaret for desse. I meldingsåret (mars – mars) har kveldsetene/bygdevandring vore avvikla med desse **9 temaene:** Tal frammøtte i (ca 320):

- (Februar 2022: Kraftforsyninga i Ørskog v/fleire – (38).)
18. april 2022: Ørskog kyrkje 150 år. Ester Walgermo – Ragnar Bakken (24)
- 29.aug. 2023: Bilete frå Ørskog – 4 gardar v/Siv Krokfoss (44)
3. sept. 2023: Sætrevandring Visetsætra (16)
- 17.,. sept. 2023 Rusletur langs Postvegen Stortrøna – Gjære (21)
3. okt. 2023: Mitt barndoms rike v/Jostein Tomren (43)
14. nov. 2023: Sjøholt skule 50 år v/Ragnar Bakken – Kjell-Øyvind Aarseth (18)
13. des. 2023: Årbok 2023 v/skriftnemnda m.fl (30)
13. febr. 2024: Fjellstova Ørskogfjellet (39)

Samla frammøtte: **ca 320** på dei åtte kveldsetene/vandringane 2023/24. Vi er nøgde med jamt godt frammøte på dei arrangementa vi står for.

Det er så langt planlagt ni arrangement i 2024. Bygdevandringa i august 2024 vert lagt til ei av sætrane.

Samlingane har oftast vore på Ørskog kulturhus eller Frivillegsentralen og fleire andre stader jf. tema. . Begge stadene er godt eigna med fine tilhøve for biletfamsyning. Inga husleige for lag og org. frå kommunen. Positivt frå kommunen si side!

Samla oversyn over alle kveldsetene sidan 1998 - også planlagde kveldseter og bygdevandringar - finn vi på laget si heimeside: <http://orskoghistorielag.org>
Postadr.: post@orskoghistorielag.org



Paktarhuset - reovering på gang 2022 - 2024

PAKTARHUSNEMNDA:

- ✓ Medlemmer: **Ove Eide** (leiar) – Frank Abelseth - Runar Amdam – Frank Robert O'Brien Svingset - Peder Håvik – Oddbjørn Braute.
- ✓ Aktivitets-museumsnemnda og husstyret vart slegne saman på årsmøtet i 2014. Dette har vist seg å fungere godt. Resultat Paktarhusnemnda.

Leiar i nemnda har levert denne rapporten for 2023

RAPPORT FRÅ OVE EIDE VEDK. ÅRSMELDING FOR 2023:

Aktivitetar i 2023:

Arbeidet med reovering og restaurering av Paktarhuset utvendig har halde fram i 2023. Sommaren var ikkje den beste for dei som skal drive med målararbeid, så noko av dette står att til 2024. Nemnda har teke noko av skrapinga og ryddinga, men elles er det svært avgrensa kva amatørar har lov til å gjere på eit slikt freda hus. Det meste av den planlagde reoveringa er ferdig, men det står stadig att nokre detaljar, i tillegg til dei siste strøka med linoljemåling. Eventuell skifting av ytterdør vil vere aktuelt å få gjort.

I samband med desse arbeida, har nemnda delteke i ymse synfaringar og møter med til dømes Fylkeskommunen, handverkarar og historielags-styret. Alle detaljar må vere på plass og

konferert med alle partar, både med omsyn til det praktiske arbeidet, men også med omsyn til finansiering.

Det har vorte gjennomført kontroll og oppgradering av det elektriske anlegget. Frostutsette vassrøyr har blitt trygga med installering av ein termostatomn.


Nemnda har gjennomført sine årlege vår- og haustdugadar. Det er ved desse høva vi får teke det grøvste av vedlikehald på eigedomen rundt huset og det er ikkje reint lite som vert frakta vekk til Miljøstasjonen.

Elles gjer nemnda det som er naudsynt i høve til nye og gamle årbøker og andre publikasjonar, gåver til laget sine samlingar og elles generell orden i huset.

Leiaren for Paktarhusnemnda – Ove Eide

Skriftnemnda 2023.

Medlemmer: **Bjørn Steinar Skarbø** (leiar) – Øyvin Danielsen – Helge Giskemo – Solfrid Viset – Odd Saure – Monica Brandal – Øystein Vestre.




Årsmelding frå Skriftnemnda 2023

Skriftstyret har hatt rundt sju-åtte møte. Møtestaden har i hovudsak vore Ingeborgstova og Gamlebanken.

Skriftnemnda er svært nøgd med den store velvilje og skriveaktivitet hos mange. Dermed

enda det opp med ei årbok vi også dette året tek sjansen på å seie oss rimeleg godt nøgde med; sjølv om vi også har fått kritiske tilbakemeldingar. Vi er spesielt glad for at også i år har forfattarar kome oss på eige initiativ med idear dei ønskjer å få på trykk. Dette er vi svært glade for og ønskjer naturlegvis det skal halde fram.

I Årboka 2023 valde vi spesielt å trekke fram artiklane om Ørskog kyrkje som dette året feire 150-års jubileum. Tore Gjære skreiv ein artikkel om den eldste kyrkjarahistoria; medan Ragnar Bakken skreiv om den nærare. Så markerte vi avslutninga av det innvendige målingsarbeidet i jubileumsåret med Ester Walgermo sin artikkel om det langvarige arbeidet med å fullføre dette. Eit prosjekt som ikkje minst handla om taudraging med ulike krefter andre stadar i landet.



FAK-1308 Foto: Jens Viset - Ørskog Historielag / FylkesFOTOarkivet 2017 Copyright: CC-NC

Ørskog kyrkje frå 1873 er teikna av arkitekt Jacob Wilhelm Nordan. Kyrkja skal i fylje Wikipedia ha heile 650 sitjeplassar noko som gjorde den til den største i Storfjorden, og som også gjorde at den fikk tilnamnet Storfjordkatedralen. (Registrert av Ole Øystein Nybø for Ørskog Historielag.)

Ein annan institusjon i bygda som høgtida jubileum i 2023 var Ørskog Bygdekvinnelag som tidlegare heitte Bondekvinnelag. Dei har gjort ein stor innsats opp gjennom sine då 85 år, og det gledelege er at dei har opplevd god medlemsvekst siste åra. Dei hadde sjølve skrive artikkelen.

Sjøholt skule, som no heiter Ørskog skule, hadde òg jubileum. 50 år, og Arild Drageset i samarbeid med faren Asgeir Drageset, Karin Årdal og Helge Giskemo hadde skrive om denne historia.

Marte Fremstedal fann for ein del år sidan fram til- og i brevvekslinga mellom Knut Johan Karlson Vaksvik som emigrerte til Amerika 19 år gammal og brevveksla flittig med foreldra heime. Berre 22 år gammal i 1911 omkom han i ei arbeidsulukke i Minneapolis. Gjennom breva får vi innsyn både i livet der borte og heime i Kristiangarden i Vaksvika.

Om samband og slektsskap over Atlanteren handlar også to artiklar basert på postkort som kryssa havet og ein avskjedsprolog til Gjert Hatlen då han som ein eldre mann emigrerte saman med familien. Desse var det Solfrid Viset som hadde samla..

Det knyter seg fleire interessante forteljingar til bygging av hytter i Ørskog i tidlegare tider; og endå fleire frå liv og livnad på hyttene. Felles for fleire av desse er at det er gjenbrukshus frå bygda som fekk nye liv etter tenesta som bustadhus. Dette er skildra i Ove Eide og Jostein Tomren sine artiklar. Jostein sin artikkel handlar om Liasætra; medan Ove sin artikkel handla om hytta «Sparta». Her vart det òg høve til å presentere Jonas Peson sine innvendige dekorasjonar på vegg og himling.

Jonas Peson frå Finland som busette seg i Ålesund var ein produktiv og etterspurt og kunstar. Han laga veggmaleria i festsalen på Ørskog Husmorskule då den vart pussa opp i 1946. Dette fortalde Harald Grytten om i sin artikkel. Dei noverande eigarane av skulen (Sjøholt folkehøyskole) har tatt vare på dekorasjonane gjennom renovering og ombygging til glede for dei som brukar festsalen.

Reidun Klock Tjervåg skreiv ein interessant artikkel om dei flotte gripstadjakkene som i si tid vart produsert på Sjøholt. Leiar i Skriftnemnda vil her beklage at det – utan forfattarens medverknad - vart laga og sett inn ein bildetekst med feil opplysningar som del av artikkelen. Elevar ved Vaksvik skule og seinare Skarbø skule laga i si tid magasinet «Under Lauparen» med intervju med eldre folk i bygdene. I årboka hadde vi med tre slike intervju i tillegg til ein presentasjon av prosjektet ved Asgeir Kvernberg.

Arne Tøsse skreiv ein interessant og ikkje minst tankevekkjande artikkel om opplevingar frå barndommen knytt til reisande som besøkte bygda.

Brit Skjelten skildra sitt møte med Vaksvika og vaksvikbygdarane då ho og familien flytta hit frå Nesodden.

Så skriv Kåre Ola Vaksvik om minne frå julefeiring i Sjurgarden i Vaksvika i farne år. Øystein Vestre har skrivt om mangeårig distriktsveterinær Løve Loe i ei tid då talet på gardar med husdyr var langt høgare enn i dag og mobiltelefonen enno ikkje allemannseige. Han skreiv også om Vaskarhuset i Jokumrenna. Ikkje noko prangande hus, men like fullt eitt som var nyttig i si tid og som det det knyter seg mange minner til.

Elles - også i år – perler frå fotoarkivet Historielaget har samla som var valt ut og presentert av Siv Krokfoss.

Innholdsliste Årbok 2023

Kyrkjer i Ørskog hovudsokn før 1873 av Tore Gjære

Ørskog kyrkje 150 år av Ragnar Bakken

Innvendig måling av Ørskog kyrkje av Ester Walgermo

«Han som lærte ålesundarane å se» – av Harald Grytten

Sparta på Svartløken av Ove Eide

Byfolk bygde hytter på Liasætra under krigen av Jostein Tomren

Farande folk etter landevegen av Arne Tøsse

Reitegarden i Vaksvik 1928 av Solfrid Petrine Viset

Bygdekvinnene har teke fortida med inn i framtida av Ørskog Bygdekvinne­lag

Vennskap og kunnskap gjennom 50 år av Arild Dragesæt

Under Lauparen av Asgeir Kvernberg

Gripstadjakka – Ørskogs svar på Paris' «haute couture»? av Reidun Klock Tjervåg

Om å flytte til Vaksvika fra «Oslo» av Brit Imsland Skjelten

Minne frå tida som distriktsveterinær av Øystein Vestre

Brev mellom Knut i Amerika og dei heime av Marte Fremstedal

Frå syster til syster av Solfrid Petrine Viset

Juleminne frå Sjurgarden av Kåre Ola Vaksvik

Rundt 65 år sidan fyrste Dyrkornvegen vart opna av Bjørn Steinar Skarbø

Vaskarhuset i Jokumrenna av Øystein Vestre

Perler frå fotoarkivet av Siv Krokfoss

Hendingar i 2023 av Bjørn Steinar Skarbø



Vaskarhuset – Jokumrenna

Boka vart lansert under kveldssete 12. desember sjølv om den fyrst kom dagen etter. Skriftnemnda har også i år samarbeidd med «Språksmia» i Valldal om montasje og administrasjon av trykking hos «Lasertrykk» i Oslo / København. Vi er framleis svært nøgd med deira innsats og kvaliteten på arbeidet. Prisen er også fordelaktig, sjølv om det etter kvart kostar nokre kroner å få boka framstilt og mangfaldiggjort.

Skriftnemnda vil rette ein varm takk til alle forfattarar og fotografar for bidrag til årboka. Det er heilt avgjerande for at vi klarar å gje ut denne boka år for år.

Ei særskilt takk til våre annonsørar som yter verdfull støtte til å produsere denne boka. Vår oppmoding er å nytte seg av dei tenestene desse tilbyr.

Ørskog 21. februar 2023

Monica Brandal, Øyvinn Danielsen, Helge Giskemo, Øystein Vestre, Solfrid Petrine Viset og Bjørn Steinar Skarbø

TEKNISK UTVAL

Medlemmer **Torstein Davik** (leiar) - Svein Elling Barlindhaug – Asbjørn Valbø – Gunnar Kongsnes – Terje Haaheim – Jarle Viset

Vi tek med rapportering frå nemnda om arbeidet dette året:

MELDING FRÅ TEKNISK UTVAL FOR 2023

Ørskog Historielag – Årsmelding fra teknisk utvalg 2023.

Teknisk utval har gjennomført to medlemsmøter i inneværende sesong. Disse ble avholdt i Pakter-huset på Prestegarden.

01: Stabburet på Sjøholt Folkehøgskole:

Gjennomført restaurering og reparasjon av stabburet. Reparert taket, fornyet endegavler på tak og reparert tak-tro og skiferdekke. Satt i stand og satt inn de originale vinduene. Skrapet ren, grunnet og malt bordkledning med to strøk maling. Rengjort og malt grunnmurer. Demontert, reparert og testet ringeklokka på taket.



Stabburet Sjøholt Folkehøgskole 2023 renovert

02: Smia.

Gjennomført maling av bordkledning og listverk utvendig. Huset fremstår nå pent og i god stand. Ryddet smi-rom og gjennomført grunnleggende kursing i smi-faget. Nevnte kursing vil bli videreført kommende sesong.



Smia er no fullt ut renovert

03: Malmbane traseen.

Rydding av traseen er nå gjennomført. Dette gjelder for traseen fra der hvor råsa fra Li kommer inn på traseen, og videre nedover til der traseen treffer bebyggelsen nedenfor.

04: Kvernhuset bak hotellet.

Rydding av området rundt huset er gjennomført. Siste vannrenna inn mot rotoren under huset er laget ny og montert på plass. Den nye delen av renna utgjør en lengde på ca. 6 m. Selve kvern-huset er i god stand. Torv-dekket på taket planlegges forsterket kommende sesong. Vi ser også på mulighet for å test-kjøre kverna med vann. Om testing med vann skal gjennomføres må elveløpet legges midlertidig om. Dette kommer vi tilbake til kommende sesong.

05: Kraftstasjonen + tilhørende adkomstvei.

Stasjonshuset er i god stand. Takrenner er rensset og er i orden. Veien ned til huset er stabil og i god stand etter oppgraderingen som ble utført i 2021. Stopp markeringen som ble etablert mot biltrafikk ned til elva er intakt. Lys i stasjonsvinduene aktiveres i mørketiden.

05: Lokomobil / teknisk oppfølging.

Teknisk kontroll og oppfølging / sertifisering er gjennomført. Sertifikat gjelder for en periode frem til 04.07.2027.

06: Glassmonter / Lokobilstall.

Inspeksjon, rydding og rengjøring gjennomføres regelmessig.

07: Skyss-vogna.

Vogna har fått plass hos Frode Dyrkorn bilverksted på Haukås industriområde. Vogna står i verkstedets utstillings & mottaks lokalitet. Lokalet på Haukås er pt. under oppussing. Vogna er tatt ut av lokalet, men vil bli tatt inn når rydding / oppussing er ferdig.

For Ørskog Historielag Teknisk utval

Torstein Davik

|

1946



Fylkesfotoarkivet:

Nasjonaldagen 17.mai 1946 gjekk folketoget rundt bygda, om Giskemo, Valgermo og Lande. Dei svinga opp til husmorskulen og gikk demonstrativt også rundt den for å markere at no var tyskerane jaga ut av reieret. Skulen som stod nesten innflyttingsklar då krigen braut ut vart okkupert av tyskerane. Dei fire vi ser i musikkorpset er frå venstre Kåre Kjeldstadli, Paul Klock, Paul Tomren og Johannes (Johs.) Brekke. (Registrert av Ole Øystein Nybø for Ørskog Historielag.)

Fotoregistreringsgruppa.

Leiar i denne gruppa Siv Krokfoss skriv:

Fotoregistreringsgruppa

Laget har ei eiga gruppe som arbeider med registrering av gamle foto frå Ørskog.

Siv Krokfoss har vore leiar for gruppa siste året. Dei andre medlemmene i gruppa har våre: Ann Elin Viset, Rolf Hatlen, Ola Gram, Eldbjørg Ringseth Stensli og John Abelseth.

All registrering av opplysningar til avfotograferte bilete vert gjort direkte på Internett..

Siv Krokfoss er ansvarleg for digitalisering av bilete og å få dei registrert i Fylkesfotoarkivet sin database. No ligg det 3772 bilete i fotosamlinga som har noko med Ørskog å gjere. Gruppa har motteke fleire private fotoalbum i løpet av det siste året. Fotoalbum frå 7 forskjellige familiar bestående av ca 350 bilete har blitt levert til Fylkesfotoarkivaren på IKA (Interkommunalt arkiv for Møre og Romsdal IKS). Ca 200 av desse bileta har blitt teksta med informasjon og tilgjengeleggjort på nettsida til Fylkesfotoarkivet. Dei resterande 150 vil fortløpande bli publisert, når tekstinga er på plass.

«Gamle bilder fra Ørskog» er ei lukka gruppe i Facebook. Mange av bileta som er registrerte gjennom Historielaget blir og lagt inn i denne gruppa. Bileta er organiserte i digitale album. Ved å bruke Facebook oppnår ein å nå eit større publikum som kan gi informasjon om personar og hendingar.

I september hadde Siv kveldssete på frivilligsentralten der vi fekk sjå bilete og høyre historiene om folka som ein gong levde sine liv på Smedgarden, Jensgarden, Toregarden og til slutt Lensmannsgarden. Alle desse fire gardane har hatt ei tilknytning til kvarandre og med det som bakgrunn fortalde ho om enkeltpersonar sitt liv og historiene knytt til dei. Vi har også i år bidratt med bilete til Ørskogkalenderen og Årboka for 2023 har fått sine «perler frå arkivet».

Helsing Siv



Bilde fra Ørskog Historielag si fotosamling. Fylkesfotoarkivet Møre og Romsdal 2023

17. mai feiringa er godt i gang på skuleplassen ved Steinholt skule. Peder Lande og Gerda Aure gjer seg klar til "fantetoget" som deltok i mange år denne dagen. Men kva årstal og kven dei andre to er veit oss ikkje. Kanskje du kan kjenne igjen smågutane i bakgrunnen også? Fotograf: Ole Ringseth (Frå Eldbjørg Ringseth Stensli si fotosamling. Registrert av Siv Krokfoss for Ørskog Historielag).

Postvegneremnda - «Den Trondhjemske Postvei».

Eiga nemnd: Runa Klock (leiar), Ivar Holmeide, Elling Ødegård, Norvald Sjøholt, Reidar Braute, Martin Ødegård

ÅRSMELDING POSTVEGNEMDA 2023:

Postveg-nemnda sitt største prosjekt i 2023 har vore å lage in ny trase mellom gamal og ny postveg i Landedalen. Oddbjørn Hjelle sto for planlegging og Støversten utførte arbeidet. Vi er særst nøgde med resultatet. Tiltaket vart mogleg grunna støtte frå Fylkekommunen. Nemnda har hatt fleire møte og vandringar for å planlegge arbeid, skilting og vedlikehald. 9 mai hadde vi ein tur ilag med Tore Gjære for å planlegge rusletur planlagt 21 mai. Store skadar på vegen grunna Allskog sitt arbeid gjorde at vi utsette rusleturen til hausten. Skadane vart dokumentert og det er tatt kontakt for utbetring og istandsetting. Samarbeid og dialog med Allskog bør på plass for å hindre at slike skadar skjer igjen.

Det er utført vedlikehald med beitepussar på heile traseen fleire gonger i løpet av sesongen. Velvillige grunneigarar hjelpte nemnda så vi fekk tilgang på dei ulike traseane trass skadane frå Allskog. Beitepussar har vore parkert på Myrane i løpet av sesongen og har no vinterlagring hjå Elling Ødegård.

Skilting kring den nye undergangen i Landedalen var tema for synfaring med Statens vegvesen m.fl. 23 juni. Skilta vart sett opp på hausten. Det er også utført flott arbeid på dei gamle skilta; dei er pussa og olja, og sett opp att.

29. juni hadde vi det årlege møtet med SVV, Ålesund kommune og Fylket. Deltakarar var: Elin-Grete Vatnehol (Ålesund kommune), Runa Klock (leiar i postvegneremnda), Ivar Holmeide (postvegneremnda), Ragnar Bakken (leiar Ørskog historielag), Oddbjørn Hjelle (nestleiar Ørskog historielag), Tore Gjære, Izabella Agnieszka (Statens Vegvesen, Norsk Vegmuseum) og Tore Bugge Pedersen (Fylkeskommunen).

Saker:

- Orientering om Nasjonalt postvegprosjekt.
- Skjøtsel
- Møre og Romsdal fylkeskommune si rolle opp mot postvegen.
- Ålesund kommune- nettverksmøte i Bergen.
- Postvegneremnda sine tankar om vegen vidare.
- Samarbeidsavtale knytt til vedlikehald av den Trondhjemske postveg.
- Ørskog historielag og skilting/skiltplan.

Viktigaste å ta med her er at vi konsekvent skal omtale vegen som eit kulturminne.

Det er henta inn løyve frå Ålesund kommune til å merke Postvegen gjennom bygda med sjablong og spraymaling. Grunna mykje regn på hausten vart arbeidet utsett, men materiell er kjøpt inn.

Det er og kjøpt inn heller som er planlagt å legge ned ved Prestegarden. Disse er no lagra på Paktarbustaden saman med skiltpålar som er kjøpt inn. Vi har 11 skilt på lager som kan plasserast ut. Det er og henta inn løyve med grunneigar til å sette opp stort skilt ved den lille elva /øydelagde brua på Ørskogfjellet.

Den 17. september 2023 inviterte Ørskog Historielag til kulturhistorisk rusletur på deler av Den Trondhjemske Postvei frå Landedalen og vestover til Gjære. Godt 20 personar hadde funne vegen til startpunktet ved Stortrøna i strålande haustvêr. Ragnar Bakken ønskte vel møtt, og leiar i Postvegneemnda Runa Klock orienterte om den nye undergangen i kryssinga mellom Postvegen og E136. Eit flott tiltak der ØH stod som pådrivar og Fylkeskommune og Vegvesen skaffa midlar.

Turen starta så, og første stopp var alt ved den nye lunneplassen nært ved. Med Terje Misund som lydmann, fekk Tore Gjære mikrofonen og gav oss første del av si orientering knytt til det historiske rundt dette unike kulturminnet – Postvegen. Komne ned til Tverrelva og den gamle brua, var det tid for rast. Kaffi og matpakke vart leita fram – deltakarane storkosa seg med mat og prat. Meir orientering fekk vi etter kvart av Tore Gjære og Ivar Holmeide. Ivar har vore leiar i Postvegneemnda i ei rekkje år. Vi fekk vite med han korleis nemnda kvart år ryddar, slår gras og gjer vegen godt brukbar til tursti.

Det er utarbeidd foreløpig regnskap for midlane Fylkeskommunen har gitt tilsegn om, og Ragnar Bakken har søkt om både utsetting på bruk av resterande og utbetaling.

3 november gikk nemnda på synfaring frå Haugsetra til Ørskogfjellet for å legge planar for framtida.

Runa Klock - leiar i Postvegneemnda

Postvegen – eit flott kulturminne – ein fin turveg.

***Turveg frå Russebøen:** Denne delen av Postvegen startar på Russebøen og tek av frå skogsvegen som fører til Hestvika. Du tek av til venstre ved Sjøholt Camping, opp ei til dels bratt stigning på det som var ein kjerreveg. Ørskog kommune, skuleelevar, lag og organisasjonar har siste åra kvista og opparbeidd vegen til om lag den standard han ein gong hadde. Underlaget er delvis grasdekt og bakkane opp til toppen er eit godt middel til å få opp pulsen.*

***Kulturminne:** Postvegen gjennom Ørskog, er ein bit av den gamle postruta mellom Bergen og Trondheim og vart bygd rundt 1780. Vegen startar i fjøra på Amdam. Dit kom posten sjøvegen frå Stranda. Så går vegen over markane på Amdam og Nedrevoll, til han går over høgdedraget Kleivane (høgste punktet på turvegen), mot Sjøholt. Der går han forbi prestegarden og vidare opp Landedalen til Vestnesgrensa på Ørskogfjellet. Også delar av denne strekninga er opparbeidd i seinare tid.*



Frå Postvegen

NETTSIDE ØRSKOG HISTORIELAG

Ny nettside, Ørskog Historielag notat v/Tore Gjære – februar 2024.

Som nemnt i årsmeldinga for 2022 var planen å halde fram arbeidet med ny heimeside for laget i 2023. Siv Krokfoss og Tore Gjære tok opp tråden frå 2022, og vi vart einige om å legge vekk den prøveversjonen som vi hadde laga i programmet Joomla, og heller satse på eit program som heiter Word Press. Vi laga ein prøveversjon i dette programmet, men vi kom til at det ville bli vanskeleg å fullføre arbeidet på dagnad, då både Siv og eg etter kvart vart meir opptekne med andre oppgåver. Vi meinte derfor at det ville vere best å søke profesjonell hjelp til det tekniske, og så kunne vi vere med å diskutere menystruktur og levere innhald til nettsida. Etter initiativ frå styret vart det kalla inn til eit møte med Fabian Davik, styret og nemnda 13. juni 2023. Fabian sa seg villig til å ta på seg oppdraget med den tekniske løysinga for ein fast sum, medan vi to frå Historielaget skulle levere innhaldet til heimesida. Etter det vi vil kalle eit fruktbart og godt samarbeid utover hausten, kunne vi den 28. november presentere den nye nettsida for styret. Fabian har etter vår meinig gjort ein svært god jobb, og så vidt vi oppfatta, vart resultatet godt motteke av styret. Men vi er opne for å gjere endringar dersom det er ynskje om det. Fabian har elles, som ny medlem, sagt seg villig til å vere med å halde heimesida ved like saman med 2 andre personar frå Historielaget.

FRAMSIDE



VELKOMEN TIL ØRSKOG HISTORIELAG Nyhende og kunngjeringar

Tusen takk til dei som har stått bak den nye nettsida vår: Fabian Davik, Tore Gjære, Siv Krokfoss og Børre Tennfjord.

Sidene gjev mykje god informasjon om laget: Adresse: <http://orskoghistorielag.org>

Innhald: Framside – Aktivitetar – Om laget – Publikasjonar – Restaureringar – Andre oppgåver – Årsmelding – Gamle bilde – Kunngjeringar – Medlemsnytt – Gamle bilete.

Olav Oksvik – stiftinga.

Stiftinga vart oppretta i 2011. Olav Oksvik minnesamling. Målsetjing er å ta vare på verdfulle ting har etterlet seg, skaffe lokale til dette, reise ei byste og halde ei årleg konferanse med grunnlag i demokratiet.



Ungdomsbilete av Olav Oksvik – 1904 Amtskulen Sjøholt

Olav Oksvik (1887-1958) var sju år gamal då han i 1894 kom til Ørskog saman med familien frå Stranda. Olav var eldst av seks sysken som vaks opp på bnr. 10, Hammaren på Apalset. Han vart ein markant politiskar som stortingsrepresentant for arbeidarpartetiet frå 1928 til 1953. Deretter Fylkesmann i Møre og Romsdal til han døydde i 1958.

Dette er ei stifting som skal ta seg av gjenstandar, dokument m.m. etter Olav Oksvik. Målsetjinga er å få på plass ei samling i Ørskog. I 2012 -14 vart gjenstandar og dokument henta og mellombels lagra lokalt. Noko står att å hente. Registreringsarbeidet er utført. Det vert arbeidd med å finne ei permanent plassering av samlinga. Dette har diverre ikkje lukkast etter å ha arbeidd med saka i åtte år. Vi hadde venta meir hjelp frå kommunen! Stiftinga måtte avlyse «Oksvikseminar» på Ørskog samfunnshus i 2019.. Det er nedfelt i stiftinga sine vedtekter at eit seminar skal finne stad kvart år. Seminar i 2020 vart ikkje planlagt. Stiftinga sitt styre drøfta 2020 avvikling av stiftinga grunna manglande kommunal interesse(økonomi.) Endelege vedtak; stiftinga held fram. I 2021 har fleire av målsetjingane til stiftinga vorte løfta fram: Konferanse vart halde 16. november 2021 med tema Det grøne skiftet/Vindkraft mm. Lokale for samlingar: arbeidet held fram – kanskje vi kan få ei løysing i 2022? **Byste:** Ein eigen komite har kome i arbeid: Helge Giskemo, Oddbjørn Braute og Grethe Leikny Gjerde. Grappa har hatt ein fin start med målsetjing ei byste av Oksvik på Sjøholt der kunstnaren vert Ola Stavseng.


Alt ovanfor er henta frå årsmeldinga 2022. arbeidet **har halde fram i 2023:**

Lokale: Ein plan for oppsett av minnesamling i Frivillegsentralen sine lokale er utarbeidd av nemnda. Munnleg avtale om bruk av lokale er inngått med Ålesund kommune. Totale kostnader er rekna til 175,000 der 75.000 er dugnadsarbeid. Resten må skaffast på annan måte. Stiftinga vil i løpet av varen 2024 starte arbeidet med å montere minnesamlinga i lokala til Frivillegsentralen

Byste: Nemnda har så langt skaffa godt 175.000 av dei 200.000 – 300.000 som bysta vil koste. Arbeidet skal Ola Stavseng stå for – kanskje kjem han i gang med i 2025. Innsamling av midlar held fram. **Frå Ørskog Historielag har desse vore som medlemmer: Oddbjørn Braute, Ola Gram og Helge Giskemo, med Karin Årdal, Grethe L. Gjerde og Ragnar Bakken er personlege varafolk. Frå kommunen har vore: Arild Aanes leiar (vara Tove Nygård) og Janet Roelof (vara Wenche Gausnes Aasen).**



Kong Haakon VII, kronprins Olav og fylkesmann Oksvik besøkte Devold fabrikk i Langevåg, april 1948. (Informant: Arne E. Dybdal. Bilde frå fotograf Knut Fylling sitt arkiv.)



Prøvebilde frå FylkesFOTOarkivet / IKAMR - Interkommunalt arkiv for Møre og Romsdal 2020

FAKf-101046.506196



FAKf-101052.356034

Før var Sjøholt eit knutepunkt for båttrafikken innover sunnmørsfjordane. På dette fotoet frå 1962 ser vi den kommunale kaia med pakkhus til venstre for Bjarne Hansens verksteder, som dreiv i møbelbransjen. Nausta vi kan sjå var eigd av Petter Tennfjord og Thorvald Sjøholtstrand.



Foto: Birte Sæterbø.

Framsida Ørskogkalenderen 2024.

Ørskog Historielag og Ørskog Rotary har i ei rekkje år gitt ut Ørskogkalenderen Første gong for 1995. I fleire år stod Ørskog sparebank for finansieringa

Litt historikk frå siste åra. For 2014 vart det ikkje laga kalender. I løpet av 2014 vart det klart at ØH og ØR på nytt gjekk inn i samarbeid om å få laga ein kalender for 2015. Økonomien vart sikra gjennom støtte frå lokale verksemder – mot reklame i kalenderen. Slik var ordninga også i 2016 og samarbeidet held fram og ny kalender for 2017 var ferdig i god tid før jul. Samarbeidet ga også resultat for 2018. Kalender for 2019 kom på plass også denne gongen som eit samarbeid mellom dei to laga. Vi hadde same opplegget for kalenderen for 2020, 2021 og 2022. Kalender for 2023 kom på plass i god tid før jul 2022 der Rotary og ØH stod for arbeidet bak.

Alle husstandar har fått denne kalenderen. Han er dessutan til sals. Vi vonar at vi i åra som ligg framføre, kan halde fram med kalender der nyare og eldre Ørskogbilete vert presenterte. Frå Ørskog Historielag var desse valde for å ta del i arbeidet: **Åse Karin Gjære og Birte Sæterbø.** Varamedlem Jorunn Giskemo. Takk også til velvillige sponsorar. Nokre ekstra kroner til kvart av laga.

Rekneskap for året 2023:

Det vert vist til eige oppsett og eiga sak på årsmøtet 5. mars 2024. Kasserar har vore Karin Solveig Eide. Rekneskapen er ført av Økonomiservice A/S. Laget har mange kostnader på gang og tok i 2022 opp eit lån på 300.000 i Ørskog Sparebank. Økonomien må seiast å vere stram og krev harde prioriteringar utover i 2024 m.v

ØRSKOG HISTORIELAG – ÅLESUND KOMMUNE.

2023 er tredje året etter at nye Ålesund kommune vart etablert frå 01.01.20. Sandøy – Haram – Skodje – Ørskog og Ålesund utgjer den nye kommunen med ca 70.000 innbyggjarar. Haram vart eiga kommune attå 2024 Ørskog historielag held fram som lag for gamle Ørskog kommune – utan namneskifte og utan endringar i vesentleg grad av oppgåver og arbeidet i laget. Vi er ofte avhengig av at ØH og kommunen har eit tett og positivt samarbeid. Det gjeld i mange saker og som bør vere av felles interesse. Dette samarbeidet kan seiast å vere i hovudsak godt etter dei tre første åra. Ved fleire høve har styret vore innom tilhøvet til kommunen – i heilt konkrete saker. Vi tek her med nokre døme på slike saker/område – med både ros og litt ris:

ØH har sett det viktig å få på plass ein kulturminneplan for gamle Ørskog kommune. Planen var nesten ferdig hausten 2019. På plass i 2020 – ligg hos kommunen. Her er vi enno ikkje i mål, dessverre.

- Driftsplan for Postvegen er på plass.
- ØH sitt samarbeid med kulturetaten i nye Ålesund har vore godt. Vi har blitt møtt med velvilje og god forståing for våre ønskje og vårt arbeid.
- Vi er i mål med å få kommunale lokale lokale til Oksvik si minnesamling i Friv.sent.
- Litt økonomisk støtte har vi motteke Det er ikkje alltid at kronetalet er avgjerande

Lag og organisasjonar er avhengige av kommunen – like avhengig er kommunen den andre vegen. Samarbeid og positive handlingar og vedtak vil gjere at oppgåver – også innan kultursaker – vert best mogeleg løyste – til glede for innbyggjarane våre.



FAKf-0380.223910

Dette biletet av Sjøholt er truleg frå første halvdel av 1870-åra. (Registrert av Ørskog Historielag v/ Ole Øystein Nybø.)

Vi ser framover – oppgaver for 2024 og åra deretter.

Styret har som målsetjing - snarast etter årsmøtet 5. mars 2024– å halde eit møte saman med nyvalde nemnder og utval for å setje opp endeleg arbeidsprogram/årsplan for året 2024. Pågåande oppgaver og drøftingar på årsmøtet vil leggje føringar for komande årsplan. Det vert også vist til budsjett/økonomi for 2024.

Vi tek her med viktige prosjekt – til drøfting på årsmøtet og vidare handsaming på sammøte mellom styret og nemndene. Vi vil ta steg vidare også i 2024. Saman skal vi få det til:

- ✓ Paktarhuset – utvendig måling –fullføre renoveringa.
 - ✓ Paktarhuset – stell og vedlikehald inne og ute + samlingane
 - ✓ Smia – avhalde kurs i renovert smie.
 - ✓ Skyssvogna – nødvendig stell – plassert på Ørskog Bilsenter – Haukås.
 - ✓ Postvegen -vidare arbeid over Ørskogfjellet. Rydding og vedlikehald for heile strekninga gjennom Ørskog. Skilting bør vi kome vidare med – jf. Fylkeskommunen. Har motteke 85.000 frå Fylkeskommunen til bruk i 2023 og 24.
 - ✓ Følgje opp vedteken driftsavtale for vedlikehald av Postvegen.
 - ✓ Olav Oksvik stiftinga – ØH er sentral i denne. Registreringsarbeid. Få på plass minnesamlinga – kanskje også byste i 2025. Halde konferanse til hausten.
 - ✓ Kvernhuset – vedlikehald – eventuelle demonstrasjonar.
 - ✓ Kraftstasjonen – følgje opp avtalen med Ørskog Energi A/S. Litt vedlikehaldsarbeid – årleg rydding Forefallande arbeid. Stønad frå ØE.
 - ✓ Malmbana vedlikehald.
 - ✓ Lokomobilen. Vedlikehald.
 - ✓ Årbok nr 34 – for år 2024. Innhald og arbeid med boka.
 - ✓ Ørskogkalender - halde fram samarbeidet med Ørskog Rotary. Kalender for 2025.
 - ✓ Gåver – jf. vedtekne retningslinjer for mottak av gåver m.m. - registrering/arkiv.
 - ✓ Fotoinnsamling/registrering – vidare arbeid. Innsamling av bilete held fram.
 - ✓ Bygdevandring/sætrevandring – behovet/interessa for slike er til stades. Hjellesætra er målet i 2024.
 - ✓ Sjøholt folkehøgskule – eventuelle etterarbeid.
 - ✓ Ørskog kommunale kraftverk – historie bok. ØE + ØH
 - ✓ Allmennsoga?
 - ✓ Kveldseter med om lag seks arrangement pr. år Planar for 2024 er lagde.
-
- ✓ Kulturminnedagane 2024: Ingen arrangement er planlagde så langt.
 - ✓ Medlemsverving. Eit alltid vedvarande arbeid! Medlemspleie.
 - ✓ Andre typar arrangement som kjem til – vert vedtekne.



Ørskog Historielag 2023 – med fokus på - oppsummering:

- ✓ Ørskog historielag si årbok – årbok nr 33!
- ✓ Paktarhuset – eit «minimuseum» - arkivstad – vedlikehald. Mykje er ordna – godt stell. Gjennomføre utvendig måling og renovering i løpet av 2024.
- ✓ Utval og nemnder gjer eit svært godt arbeid!
- ✓ Fotoregistreringa går godt! Godt over 3700 bilete i Fylkesfotoarkivet.
- ✓ Ny nettside er på plass!
- ✓ Postvegen – ei sentral oppgåve for laget. Haugsætra – Vestnes grense neste. Skilting vert arbeidd med i lag med Fylkeskommunen og kommunen. Motteke støtt frå Fylkeskommunen – noko er nytta – resten til disp. i 2024.
- ✓ Mange fine og godt besøkte kveldseter.
- ✓ Lokale til Oksvik-samlinga må no kome på plass. Bystekomite er godt i gang med arbeidet for å få på plass ei byste av Oksvik.
- ✓ Fleire smikurs – halde fram alt etter behov.
- ✓ Wensellvogna til utstilling hos Ørskog Bilsenter Haukås. Fungerer ok.
- ✓ Liten auke i medlemstalet – vi er no knapt 350.

Frå styret rettar vi ei stor takk til alle som har arbeidd aktivt innan laget – eller har gjeve positiv støtte og respons til arbeidet i meldingsåret 2023. Leiar ØH takkar spesielt alle tillitsvalde for godt samarbeid.



Kvar årsmelding siste åra har med eit gammalt ord som vi finn på laget si internettside:

”Å gløyme fortida si, er å leve som ein bekk utan kjelde, som eit tre utan rot.”

Styret i Ørskog historielag år 2023.

v/Ragnar Bakken – leiar -